



Frammøte kring 30 personar på ein torsdagskveld i koronatid er bra.

**Det nyskipa Uskedalen Bedehusforssamling kan syna til frammøte frå mange bygder. Bygda ligg sentralt til og det er lett å ta turen til Uskedalen på møte, anten det gjeld på dei faste møta annakvar søndag i partalsveker eller på møteveker to gonger i halvåret. Om lag 30 personar møtte fram i går på møte med forkynnar Roald Evensen frå Indremisjonsforbundet ( ImF ). Møteserien held fram til og med søndag.**

Roald Evensen ( 66 år ) kjem frå Askøy og har vore forkynnar sidan 1976. Han har vore innom det meste i ImF både på nasjonalt og regionalt plan. No er han tilsett i ein 50 % stilling og reiser stort sett lokalt på Vestlandet. Ei tid var han stasjonært i Finnmark. Så var det Sørlandet før det roa seg ned med reiseverksemd i krinsane rundt Bergen.

I samtale med Uskedalen.no fortel Evensen at den store endringa i alle desse åra går mest på møteform og det organisatoriske. Det er vanskeleg å samla folk midt i veka. Det er færre vekkjingar. Bygdeidentiteten er svakare og mange kvir seg ikkje med å køyra nokre mil fram til eit møte. Frammøte, slik han opplevde det i Uskedalen i går på ein torsdag, er ikkje vanleg lenger. I helgane er det annleis. Då er frammøte som oftast bra. Forkynninga gjennom ord, musikk og song er som før.



Roald Evens frå Indremisjonsforbundet er forkynnar på Uskedal Bedehus fram t.om. søndag.

Jan Tvedt og Knut Olav Myklebust i Uskedalen Bedehusforsamling fortel til Uskedalen.no at omorganiseringa går mest på det organisatoriske med ein ny og forbetra driftsstruktur. No samlar ein alle aktivitetane på bedehuset under ein paraply med eit styret og to møteteam. I tillegg kjem eit vedlikehaldsteam. 20 personar er på denne måten engasjert og har sine definerte oppgåver. Møteleing og møteansvar går på omgang mellom medlemene. På møte i går var Iver Blokkum møteleiar.

Bibelsynet og det teologiske innhaldet byggjer på grunnlaget til Indremisjonsforbundet og Misjonssambandet. Forsamlinga er difor innmeld i desse misjonslaga. Alle er velkomne på møta uansett ståstad.

På møta er det song og musikk, i går ved Lina Marie Haugland, Tor Håkon Haugland og Anja Njøten Leite.

Styret i Uskedalen Bedehusforsamling er: Jan Tvedt ( leiar ), Knut Olav Myklebust, Anja Njøten Leite, Lina Marie Haugland og Iver Blokkum.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal / ImF



Uskedal Bedehus ligg sentralt til i kommunen og samlar folk frå mange bygder.